

Telemark  
distriktshøgskole

SKRIFTER  
118


TO ARTIKLAR OM RAGNHILD JØLSEN

av

OLAV SOLBERG

Norsk fagseksjon

BØ 1987



mag  
04  
5/118



00UA01242

TELEMARK DISTRIKTSHØGSKOLE  
BIBLIOTEKET  
3800 BØ | TELEMARK

TO ARTIKLAR  
OM RAGNHILD JØLSEN

Telemark distriktshøgskole  
ISBN 82-7206-129-5  
Bø 1987



Forord

Artikkelen om "det fantastiske" hos Ragnhild Jølsen har tidlegare vore lagt fram som "paper" ved den internasjonale kongressen "Dimensions of the Marvellous", i Oslo 23. - 28. juni 1986.

Den andre artikkelen, om realisme eller romantikk i Brukshistorier, er ikkje tidlegare publisert.

Bø, mai 1987

Olav Solberg

Innhald

"Suget i hjertet" - "det fantastiske"  
hos Ragnhild Jølsen

s. 1

Realisme eller romantikk, kontinuitet eller brot?  
- Ragnhild Jølsens Brukshistorier,

s. 19

## "Suget i hjertet" - "det fantastiske" hos Ragnhild Jølsen

"Ofte staar det ogsaa for mig, at jeg vist igrunden skulde skrive Eventyr, forunderlige, romantiske, skinnende Eventyr, slig jeg har levet mig ind i Eventyrene altid, og slig jeg endnu læser Børns Eventyrbøger, jeg tror - med større Glæde end Børnene selv".<sup>1</sup>

Det var i 1907 Ragnhild Jølsen skreiv desse linjene. Dei står i den vesle forteljinga "Giardino di Boboli" (Bobolihagen). Ho var da i Roma og Italia, m.a. for å arbeide med det påtenkte hovudverket Den røde høst, men også for å skrive eventyr. Verken Den røde høst eller eventyra vart fullførte, men dei etterlatne arbeida til Ragnhild Jølsen gir likevel prøver på nokre litterære eventyr og fantastiske forteljingar som ho fekk ferdig.

### Ragnhild Jølsen og segna.

Trass i at det er eventyret Ragnhild Jølsen særskilt nemner som litterært prosjekt, er det ein annan folkediktningssgenre som i større grad gjer seg gjeldande i verka hennes: segna. Også "Giardino di Boboli" handlar om ei gammal segn. Tradisjonelt har det heilt frå brørne Grimms tid vore hevda at det er eventyret som er fantastisk og grensesprengjande, medan segna er historisk og realistisk, jordnær og konkret. Det er også skrive mange utgreiingar om det historiske innhaldet i segnstoff.

Likevel kan det ikkje vere tvil om at også segner er fantastisk folkedikting - bl.a. for di dei byggjer på folketru. Og folketrua er ikkje bunden av ei rasjonalistisk oppfatning, av moderne vitenskap og teknikk, men legg eit magisk perspektiv på tilværet. Jamvel om segna såleis tar utgangspunkt i denne verda og i større grad enn eventyret foregår der, skjer det fantastiske ting. Ein viktig skilnad finst likevel mellom måten det fantastiske utspelar seg på i eventyret og i segna, slik Alan Dundes seier i ein kjend artikkel: "One leaves his own time and place to enter the fantasy and dream world of the folktale. In myth and legend, however, the fan-

tasy is introduced into the time and place of the real world...One does not escape the real world into legend, rather legend represents fantasy in the real world, an important point psychologically speaking".<sup>2</sup>

### Ragnhild Jølsens liv.

Ragnhild Jølsen vart fødd i 1875 på Eikeberg i Enebakk, ei bygd fire mil nord for Oslo. Garden hadde vore i slekta i 300 år, og gards- og slekts-samanhengen kom til å bli eit hovudmotiv i Ragnhild Jølsens diktning. Men i løpet av hennes korte liv vart samanhengen mellom slekt og gard broten. Faren hadde i 1866 bygt ein fyrstikkfabrikk og sett i gang produksjon, men greidde ikkje å drive lønsamt. Garden kom i første omgang under administrasjon, og måtte seinare seljast - stagnasjon og forfall avløyste driftig aktivitet. Som fjortenåring flytte ho med foreldra til Kristiania. Der gjekk ho på skole, prøvde seg som lærarinne og "telefonistinde" - og ikkje minst forelska ho seg, i meir enn ein. Foreldra torde ikkje la henne vere igjen i byen da dei i 1896 flytte tilbake til Eikeberg. Så sterkt bunden til den gamle slektsgarden var likevel Ragnhild Jølsen at ho ikkje tok tilbakeflyttinga tungt, vel også for di forelskingane i hovudstaden hadde gitt henne vonbrott. Eikeberg var heime for henne, og det var også eit nært forhold mellom henne og dei gamle foreldra så lenge ho levde.

### Litterær plassering.

Ragnhild Jølsen høyrer til "dei unge døde" i norsk litteratur. Ho rakk bare å gi ut fem verk: tre romanar, ein "krønike" og ei samling forteljingar. Biografen hennes, Antonie Tiberg, har dessutan redigert eit utval mindre stykke som er skrivne i perioden frå om lag 1890 og fram til 1908, Efterlatte Arbeider (1908). Dei fem verka er Ve's mor (1903), Rikka Gan (1904), Fernanda



Mona (1905), Hollases Krønike (1906) og Brukshistorier (1907). Dei tre romanane har alle, som titlane også viser, ei kvinne som sentralfigur. Tilhøvet til (fleire) menn spelar ei stor rolle for desse kvinnene, men også tilhøvet til slekt, lagnad, draum, "det fantastiske". Kvinner står sentralt også i Hollases Krønike og Brukshistorier, men her er kvinneskildringane i større grad vovne saman med andre motiv.

Ettertida har vurdert Ragnhild Jølsen som ein svært lovande forfattar, "en steil begavelse...en rik mulighet - en av de rikeste vi hadde",<sup>3</sup> som Hans E. Kinck uttrykte det ved Ragnhild Jølsens død. Som framstående kvinneleg forfattar fyller ho rommet mellom Amalie Skram (1846-1905) og Sigrid Undset (1882-1949). Meir uheldig er det nok at etikettar som overgangs-diktar og heimstaddiktar er blitt hengjande ved henne. Det kan liggje ei viss avgrensing i slike karakteristikkar, og dei yter ikkje Ragnhild Jølsen full rettferd. Bøkene hennes kom rett nok ut på overgangen mellom nyromantikk og nyrealisme i Norge, men dei har sin eigen heilt bestemte særpreg og farge. Særeige ved henne er m.a. at både realisme og fantasi, kvardag og draum kjem til uttrykk i verka hennes. Dette er uvanleg i norsk litteratur, som meir merkjer seg ut ved realisme enn ved sansen for det fantastiske.

### "Det fantastiske".

Det finst mange oppfatningar av kva fantastisk dikting er, korleis den kan delast i undergrupper og genrar og avgrensast frå realistisk dikting. Som typisk "fantastiske" genrar blir t.d. eventyret, science-fiction-romanen og bergtakingsvisa rekna. I genrar som desse har overnaturlege makter plass og spelar viktige roller. Men også i ei rekkje andre genrar kan realismen bli broten - og må vike plassen for fantastiske innslag. I den såkalla magiske realsimen er det tilfelle - som det kan vere i visse typar historiske romanar.

Vi kan tenkje oss det vide feltet "fantastisk" som noko som spenner frå nifse, uhyggelege skildringar der det overnaturlege og fantastiske til slutt blir forklart for lesaren - til skildringar der det fantastiske må godtakast som ein "naturleg" del av heilskapen. Det synest vere dette Tzvetan Todorov gjer i boka si om det fantastiske. Der går skiljet mellom det nifse som er eitt ytterpunkt, vidare det fantastisk-nifse, det fantastisk-underfulle og endeleg det underfulle som er det andre ytterpunktet. Todorov nemner eventyret som døme på nettopp det underfulle.<sup>4</sup>

Som eg alt har vore inne på, meiner eg at det fantastiske hos Ragnhild Jølsen oftast viser seg som innslag i den verkelege verda. Hollases Krønike t.d. er i utgangspunktet ei historisk forteljing frå det gamle bygde-Norge, men storbonden Hollas får avkom med ei hoppe og har avtale og kontrakt med djevelen. I Brukshistorier opptrer overnaturlege makter og kommuniserer med personane, men sjølve historiene foregår i fabrikkmiljø (den fabrikkaren faren bygde og som brann ned). Ut frå dette skulle Ragnhild Jølsen høyre heime ein stad på midten i Todorovs oppstilling - for di det underfulle aldri heilt rår grunnen hos henne.

Likevel vil mange meine at funksjonen det fantastiske har, er viktigare enn omfanget og arten av fantastiske skildringar. Det fantastiske kan fylle ei lang rekkje funksjonar. Gjennom det fantastiske kan vi oppleve glede og lykke - angst og gru. Vi kan få avstand til menneske og til miljø og samfunn, og denne avstanden kan gjere oss godt. Av og til kan vi trengje å trekke oss tilbake, samle krefter, få perspektiv på ting - kanskje til og med løyse problem. Korleis t.d. eventyret kan ha terapi-funksjon overfor barn og løyse psykologiske problem, har fleire forskarar drøfta.

I Ragnhild Jølsens dikting trur eg vi kan finne fleire funksjonar av det fantastiske: grotesk karnevalistisk humor er t.d. ei side ved det fantastiske hos henne. Ei anna er truskapen mot bygdetradisjon, bygdemiljø og slekt. Og ikkje minst spelar det fantastiske ei

sentral rolle i kvinneskildringane hennes. Kvinnene i Ragnhild Jølsens diktning ber ein langt i hjarta, ein draum, "et sug i hjertet" - som det er sagt om Ragnhild Jølsens kunst. For å gjere draumen og lengten konkret og synleg framstiller Ragnhild Jølsen det fantastiske som nærverande i kvardagen.

### Ragnhild Jølsen som folkemannesamlar.

Først og fremst var sjølvstekt Ragnhild Jølsen forfattar. Men ho var også folkemannesamlar - om enn i beskjeden grad - og ho brukte stoffet ho samla og tradisjonane ho fekk kjennskap til, i bøkene sine. På Universitetsbiblioteket i Oslo ligg det ein del folkloristisk materiale etter henne, og Antonie Tiberg meiner at ho har samla mykje meir enn det som nå finst att. Her er m.a. eventyret "Pandekagestuen" som er ein variant av "Hans og Grete", ein variant av "God dag mann, - Økseskaft!", ei rekkje ordtak - men særleg segner.

Oppskriftene har Ragnhild Jølsen etter faren og etter bygdefolk som ho av og til oppgir namna på. I materialet finst fleire segntypar. Segnene handlar m.a. om trollkunnige folk (signekjerringar), her er huldrehistorier og forteljingar om varsel og spøkeri, om røvarar, ulvar og bygdeoriginalar. Vi kan seie at utvalet av folkloristisk stoff med segnene som hovudgruppe er typisk - det er nettopp segnene som har vore, og er, mest utbreidde i tradisjonen.

Korleis brukar så Ragnhild Jølsen dette folkloristiske materialet i diktninga si? Antonie Tiberg meiner at "den bruk Ragnhild Jølsen har gjort av sagnene, er høist vilkaarlig. Alt hvad der nu findes av folkeminder i sagn og viser, er jo alt saa indvævd i hverandre at vel mange Ragnhild Jølsen-naturer i tidernes løp har tumlet med motiverne, blandet sammen likt og ulikt, tat et tilfældig navn her og et motiv der og saa laget sin egen mosaik ut av det".<sup>5</sup> Tiberg synest å vere noko skeptisk til Ragnhild Jølsens bruk av segner og anna tradisjons-

stoff - utan å drøfte det nærmare. Men det er sjølvstøtt rett at ho har brukt segnstoffet fritt - det skulle da også bare mangle, det var diktar ho var!

### Folkloristiske motiv i Ragnhild Jølsens diktning,

#### a. segna om følgjet.

Motiv frå folketru- og tradisjonsoppteikningane kan likevel bli overførte til fiksjonsprosa utan særleg ytre endringar, t.d. den følgjande segna. Den er å finne i ei segn-oppskrift om garden

"Thorshaug" ved Øyeren - men også i romanen Rikka Gan. Her følgjer dei to utformingane av motivet, først segnversjonen:

"I de senere tider, fortælles der, var alle paa gaarden gaaet paa St. Hansmoro engang. Tilbage var kun to damer, Jomfru Nannestad og en anden - -. Som de sidder ved vinduet ser de, at der ude i haven kommer et stort følge i gammeldagse dragter (lange liv paa kjolerne) fra hver sin kant, hilser, taler sammen og ler forførdeligt, derpaa begynder de alle at graate, graater og graater idet de skilles og gaar tilbage samme vei. Dette gjentog sig flere gange. De to damer, der begge var øienvidne til dette optog, forstod ikke hvad det var og lo i begyndelsen, men endte det med, at de blev rent forstyrrede af skræk".

I Rikka Gan er det hovudpersonen Rikka Torsen (Rikka Gan) som opplever å sjå følgjet. Ho sit ved vindauga ein jonsokkveld medan dei andre er med på midtsommarfeiringa. Med eitt oppdagar ho to følgje som møttest på gardsplassen. Dei stoppar, neiar og bukkar for kvarandre. og ler veldig - to gonger: "Som de skiltes, bemerked Rikka Torsen, at der foran hvert følge gik en rank, ung kvinde i en meget gammeldags dragt. Og følget forresten havde store hatter paa og ganske korte skjorter eller bukser.

"Dette var da en underlig leg", tænkte jomfru Rikka.  
"Hvorfor gaar de her istedetfor at se sankthansbaalene



til dem". Og ikke før hadde hun tenkt det, før de kom for tredje gang - hastig gaaende om hvert sit hushjørne og mødtes midt ude paa gaardspladsen. Men denne gang hverken hilste de eller lo. Vred hænderne istedet, graat og hulked. -Saa skiltes de som før, og det ene følge kom strygende forbi Rikka Torsens vindu".<sup>6</sup>

Det synest som om det i segna er døde, gjengangarar, som viser seg ved ei viktig årshøgtid som midtsommar er. Dei gammaldagse draktene tyder på at følgjet høyrer heime i ei anna tid, og dei skremmer dei to damene mest frå forstanden, slik gjengangarar i segner ofte gjer. Den veldige gråten bir det ikkje gjeve noka nærmare forklaring på - kanskje har den samanheng med noko vondt som har skjedd, eller vil skje. Segna har i alle fall eit overnaturleg innhald og tematiserer at gjengangarar kan vere farlege.

I romanen er segna utnytta på ein raffinert måte, både som ledd i ein psykologisk karakteristikk av hovudpersonen, og som ei konkretisering av fantastiske krefter. Desse kreftene er særleg aktive midtsommarnatta, både i følgje Ragnhild Jølsen og romanen, og tradisjonen: "Ingen nat er som sankthansnatten en mærkepæl i sommeren, denne det levende livs nat, hvori jordens safter svulmer og alle underverdenens kræfter siges at have spillerum mellem træerne. Ind i det enlige menneskes sind mærker sig heksenatten, troldnatten, aar efter aar med sine stemninger, varsler og underlige eventyr..."<sup>7</sup>

I romanen dukkar følgjet opp ikkje ein, men heile tre gonger. Den første og siste gongen er det relativt realistisk framstilt - men har fantastisk preg den andre gongen som sitatet er henta frå. Følgjet er i romanen ein flokk glade menneske frå herregarden Herby, ein kontrast til Gan og til hovudpersonen. Dei besøker henne og Gan, og den siste gongen skremmer Rikka Torsen livet av ei av kvinnene i følgjet som får panikk og kastar seg ut av vindauga. Det er sorga og fortvilinga over dødsfallet som blir varsla i Rikka Gans syn jonsokkkvelden, og dette anar Rikka. Deira sorg og fortvilning kjem også som ein dom over henne, som skal forårsake dødsfallet,

og som ber på tunge synder. Ho har utført barnedrap - i alt tar ho og svigerinna livet av alle tre barna ho får, og ho føler at ho har kasta vekk sin eigen kjærleik.

Likevel er ikkje følgjet bare dei glade nåtidsmennska frå Herby. Dei er også gjengangarar frå ei svunnen tid, noko dei gamle draktene er vitnemål om. Dermed blir episoden sett inn i ein slekts- og lagnadssamanheng slik Rikka Gan oppfattar det: Både ho og slekta synest predestinert til sorg - og til å gi andre sorg. Derfor får ho også samanbrott når ho innser kva følgjet symboliserer.

#### b. djevelen og andre makter.

Ein velkjend figur i norsk folketru er signekjerringa, den trolldomskunnige kvinna som kan mane og kaste sjukdom på folk og fe. I Hollases Krønike fortel Ragnhild Jølsen om ei slik kvinne, og ho gjer det bl.a. med grunnlag i tradisjonsoppskrifter frå Enebakk. Men det fantastiske i Hollases Krønike knyter seg i enda sterkare grad til tittelfiguren Hollas. Hollas er nok ein bygdekakse, men framstillinga av han er farga av det overnaturlige. Som det kan vere i segner, har Hollas ein avtale med djevelen som sikrar han både rikdom og nyttige kunnskapar.

Særleg dugande er Hollas som handverkar. Han skjer i tre, smir ringar og hestesko - og driv som falskmyntnar. Jordteigar som ikkje er hans, prøver han også å få kloa i. Med djevelens hjelp kjøper han dessutan kyrkja i bygda slik at dei vonde kreftene får innpass i Guds hus. Djevelen har sett merket sitt på Hollas i form av ein hestefot. Men når hoppa hans føder ein fole med menneskefjes, går djevelen over streken: "Hollas blev ligesaa bleg da som hesteungen...og et øieblik maatte han holde sig i spiltaugbolken for ikke at stupe... -Den kan du ta til dig igjen, sagde han. -Den var ikke med i kontrakten. Har jeg bedt om at faa atpaa?"<sup>8</sup> Trass i all ytre framgang - Hollas blir til slutt dødssjuk, smitta av ei pest han sjølv har sett på andre. Og som seg hør og bør kjem

TELEMARK OG NYTT-  
BIBLIOTEKET  
3800 BØ I TELEMARK

djevelen i hesteskapnad og hentar han når han ligg på sitt siste.

I skildringa av Hollas har Ragnhild Jølsen framstilt det vondes prinsipp, med hjelp av fantastiske element frå folketrua. Dette vondskapens prinsipp blir kontrastert av kjærleiken og det godes prinsipp - m.a. representert av Angelica, som også namnet viser. Angelica er syster til presten. Hollases Krønike handlar m.a. om korleis ho forelskar seg i den unge Otto Kefas. Ho vil måle ei altartavle til kyrkja, og Otto Kefas skal stå modell som Kristus. Men ho blir bokstavleg tala ført bak lyset av Hollas. Han får henne til å endre målarstykket, lage det svarte kvitare og det kvite svartare. På det ferdige biletet har Kristusfiguren Hollases trekk - utan at Angelica er klar over det.

Episoden viser korleis dei vonde maktene kan vinne over dei gode ved at dei får innpass i Angelicas sinn. Den kan såleis tolkast både fantastisk og psykologisk-realistisk. Dessutan møter vi her eit gjennomgangsmotiv hos Ragnhild Jølsen: kvinna mellom to menn, den eine elsk-verdig, den andre demonisk, men likevel med ei mystisk tiltrekningskraft. Derfor ber også Angelica om meir styrke og større fridom: "Lad os kvinder, Herre, faa større ret for vor kjærlighed - at den ikke stilles mod sky som saa bleg og tander en vare, at jordslag saa let stænker den til!...Jeg ber dig: Lad mig bli som leoparden, Herregud!"<sup>9</sup>

Brukshistorier, Ragnhild Jølsens siste verk frå 1907, har blitt lese som eit avgjerande steg mot realisme. Men egentlig er det knapt noko Jølsen-verk der det fantastiske spelar så stor rolle som her - det realistiske ligg mest på det reint språklege planet. Brukshistorier består av tolv forteljingar om menneske med tilknytning til bruket - fyrstikkfabrikken. I fleire av forteljingane opptrer overnaturlege makter som folk trur på, t.d. i den uhyggelege forteljinga "Mørkerød": Her spelar gamlingane Tøger Krona, Jens Vaktmand og Amerikafararen Jack Petum kort ein mørk kveld. Dei fortel historier både om overnaturlege makter dei har møtt, om djevelen og om "jentane i Hannover".

Ei ung jente er også til stades, og i den siste delen av forteljinga opplever vi hendingane frå hennes synsstad. Ho skal følgje med Tøger Krona heim i mørkret, men synest at både dei underjordiske og djevelen nappar etter henne og vil ta henne. Det viser seg at redsla ho føler, er velgrunna, men ikkje slik ho trur. For det er ikkje djevelen, men Tøger som er ute etter henne - kanskje inspirert av historiene som er fortalde tidlegare på kvelden. For jenta - og lesaren - går overnaturlige makter, djevelen og gamlingen Tøger i eitt under det valdtektsforsøket som forteljinga endar med: "Tøger svarte ikke. Hun kom til at se paa ham - det hvite skjegget lyste i mørket, og øinene glinste - nøkken - nøkken! Jentungen skrek et hæst skrik og satte i sprang ind mellem husene. Der faldt hun og blev liggende som livløs av rædsel".<sup>10</sup>

#### Suget i hjertet.

Det er den alt siterte Hans E. Kinck som har formulert uttrykket "suget i hjertet" om Ragnhild Jølsen. Han har definert dette suget som ein lengt "mot det uborgerlige og uopnåelige - et uutslettelig billede av en slukket stjerne, som et ungt sind engang så".<sup>11</sup> Etter mitt syn gjeld ikkje dette bare forfattaren, men også fleire av dei kvinnene ho skriv om. Lengten, draumen er i høgste grad karakteristisk for dei - og den får gjerne konkret utforming i samband med fantastiske innslag frå folketro og folkedikting. Men nettopp draumen er i seg sjølv noko fantastisk - den representerer ynsket om å bryte med slekt, tradisjon og lagnad, finne "det vidunderlege", som Nora hos Ibsen seier.

Det er likevel viktig å poengtere skilnaden mellom Jølsens kvinner og kvinnene i Ibsens samfunns- og samtidsdrama. Jamvel om slekt og tradisjon bind Ragnhild Jølsens kvinner med sterke band og synest å hindre dei i livsutfalding og glede, er nettopp desse slektsbanda ein



så sentral del av dei at dei ikkje kan bryte ut utan å ta skade. Ja, det kan verke som om mykje av det verdifulle i livet deira nettopp ligg i slekt og tradisjon. Vi kan derfor tale om to tilsynelatande motstridande tendensar hos Ragnhild Jølsens kvinner. Desse to tendensane blir sette opp mot kvarandre i alle verka hennes og drøfta diktarisk - med skiftande utgang.

### Kvinnene og det fantastiske.

Dei fleste Jølsen-verka har ein samlande kvinnefigur. I romanen Ve's mor er det Paula Heiss som spelar denne rolla. Sentralt i romanen står tilhøvet mellom Paula Heiss, den noko eldre ektemannen Gerhard Winkel og den sataniske elskaren Ove Munk - med eit namn som assosierer i retning adel og mellomalder-romantikk. Han er både tiltrekkjande og djevelsk: "-Og du selv, Ove, jeg husker du blev rød i det lyset, kobberød, som djævelen - høie, smekre satan i flammeskin, mine drømmes første elsker. - Siden tænkte jeg nok ofte: Havde du havt skjeg paa, du, kunde du staaet model til en Judas Iskariot".<sup>12</sup> Paula Heiss' karakteristikk og val av samanlikningar inneber bl.a. ei moralsk vurdering. Det er noko av grunnen til at ho til sjuande og sist vel ektemannen, slekta, slektsgarden og det vanskapte barnet Ve - med det symbolske namnet. For samstundes har ho gitt avkall på den ekstatiske kjærleiksdraumen, og godtar Guds straffedom over tidlegare feilsteg.

Rikka Gan var truleg det verket Ragnhild Jølsen sjølv sette høgst. Ho skreiv i 1906: "Min Bog Rikka Gan forstaaes saa daarligt, men jeg tror dens Tid vil nok alligevel engang komme. Om ikke før, saa naar jeg er død. Jeg har lagt min egen Sjæl i denne Bog, og for mig vil den sikkert altid staa som den Sandeste og Bedste".<sup>13</sup> Den sentrale kvinnefiguren i denne romanen er Rikka Gan - ei sterk og slektsmedviten kvinne. Ho sprengjer seg i forsøket på å hindre at slekta må forlate slektsgarden, samstundes som ho freistar å få utlaup for kjærleiks-

draumen. Rikka Gan er ein historisk roman der handlinga er lagt til tida kring 1800. Men eldre tider, tradisjonar og fortidige personar blir dregne inn i handlinga, som t.d. fantasi- og draumefiguren Vilde Vaa. Saman med den rike kaksen Mattias Aga som Rikka får barn med, og den gamle prokuratoren, dannar han eit mannleg trekløver rundt hovudpersonen.

Boka inneheld fantastiske element på mange plan: Ein besjela og magisk natur, segn- og folketrumotiv vovne inn i handlinga, sprang mellom ulike tidsplan, eit poetisk-magisk språk - og i enda større grad enn i Ve's mor den grensesprengjande lengten. På det realistiske planet har Rikka Gan levd som Mattias Agas elskarinne, for å hindre at han jagar henne og brorfamilein frå slekts-garden. Ho har tatt livet av barna ho har fått med han, men gripen av anger tilstår ho til slutt alt for den gamle prokuratoren. Saman legg dei ein plan som skal felle Aga, sikre familien økonomisk og la dei få bu på Gan. Rikka sjølv planlegg å forlate Gan, men både ho og svigerinna druknar på roturen over til ei anna strand.

Det er nærliggjande å tolke den tragiske roturen over vatnet som noko meir enn bare ei reise og ei ulykke. Dette må vere Rikka Gans forsøk på å bryte sin eigen lagnad -slik den er fastlagd frå alders tid. Ho vil sprengje dei fastlagde grensene - og ho freistar dess-utan å innhente den vakre kjærleiksdraumen som kan finnast på den andre stranda der gleder og ikkje sorga rår.

I Fernanda Mona (1905) blir slekts- og kjærleiksmotivet på nytt variert, denne gongen med ein meir tragisk utgang. Hovudpersonen Fernanda Mona - niese til Rikka Gan - tar sitt eige liv. Og ho gir sjølv i dødsstunda grunnen: "Nu fik du mig langt bort, prokurator, fra den gamle stamme - fra Gan og fra slægten - lige hinsides baade skogene, sjøen, fjeldene og himmelen. -Men hvordan læste jeg: Naar skuddet rives fra stammen, da dør det".<sup>14</sup>

Det er i fortvilning over at prokuratoren er død, at Fernanda Mona gjer sjølv-mord - ho var i ferd med å vende seg til han i kjærleik. Den viktigaste mannen elles i

romanen er Daniel Falbe. Kanskje meir enn nokon annan Jølsen-figur blir kan framstilt som ein eventyrhelt, ein romantisk riddar, ein kjærleikens og nytingas kavalier. På herregarden sin, Herby, med 1700-talspreg, arrangerer han storslegne festar og opptrer sjølv som "greve av Provence". Her skal gjestene dikte og drøyme seg inn i eventyret med hjelp av fantasien - som hoffnarren hans seier: "Fantasien er - næst etter Daniel Falbe - den bedste anstaltmager i verden! Derfor er her heller ikke forsøgt med plumpe og materielle efterligninger af telte, falke og tjenerskarer i livre...at ikke eventyrets rigdom skal forringes".<sup>15</sup>

Hollases Krønike (1906) består av fire hovuddelar, og det er den tredje av desse som i særleg grad dreiar seg om den kvinnelege hovudpersonen Angelica. Men Angelica har inga slekts- og gardsbinding slik kvinnene i dei tidlegare verka har - som syster til presten tilhøyrer ho embetsstandet. Ho flytter frå bygda etter at ho har opplevd å bli ført bak lyset av den djevelske Hollas.

Den kvinnelege kjærleiksdraumen knyter seg her til storbondesonen med det romantiske namnet Otto Kefas. Tilhøvet mellom dei toppar seg i eit haustleg kjærleiksmøte i ein skjær kornåker. Her blir samleiet mellom dei sett inn i ein mytisk og kosmisk samanheng - vi minnest m.a. den norrøne fruktbarhetsmyten og Frøy og Gerd. Kjærleiksmøtet representerer både eit brott med det verkelege og ei utviding av det - men heller ikkje her varer draumen. Den blir eit kortvarig "deiligt eventyr".

I det siste verket, Brukshistorier som er ei samling forteljingar, finst det naturleg nok ingen samlande kvinnefigur. Derimot spelar kvinner viktige roller i fleire av forteljingane, t.d. den unge jenta i "Mørkerød" og ikkje minst Hanna Valmoen i forteljinga med same namn. Ho er truleg den av kvinnene i Bruks-historier som er mest i slekt med Rikka Gan og dei andre Jølsenske kvinnene - jamvel om både ho og dei det elles handlar om i Brukshistorier, høyrer heime lenger nede på den sosiale stigen. Det sosiale motivet blir likevel ikkje noka hovudsak i verket - noko vi tydeleg ser i forteljinga om Hanna.

Ho er ei fattig husmannsdotter som drøyer om overklasseherren som er på besøk på "sittgaarden". Men det er ingen vanleg draum om å gifte seg til velstand, slik t.d. mor til Hanna drøyer. For Hanna er sjølv gleda, dei sterke kjenslene, "suget i hjertet" viktigare - symbolsk framstilt gjennom gullringane som jenter flest får av kjærastane sine - og Hannas ring av strå: "Og aldri i livet kom hun til at forstaa nødvendigheten av at gaa og klø sig paa næsen med en guldring paa fingeren. Det som det kom an paa, var vel glæden en havde indi seg - var den stor, da maatte vel gjerne ringen være av straa..."<sup>16</sup> Husmannsjenta Hanna Valmoen - med eit etternamn som assosierer til blomen valmue - ber såleis i seg den same grensesprengjande kjærleiksdraumen som kvinner frå høgre sosiale lag i andre Jøslens-verk.

Det er aktive og sterke kvinner Ragnhild Jølsen skriv om. Dette var det ikkje vanleg at kvinnelege forfattarar gjorde på denne tida, kring hundreårsskiftet, og særleg ikkje at dei skreiv om kjensleliv og driftsliv så direkte som Ragnhild Jølsen. Om Ve's mor vart det t.d. sagt at den ikkje bare var "ægte mandfolkeagtig. Den er paa sine Steder ligefrem dyrisk lodden og staar gjennemgaaende i afgjort Strid med, hvad man pleier vente sig fra Kvindehold..."<sup>17</sup> Uvanleg for mange lesarar var det nok også å sjå at menn vart skildra som attråverdige mål for kvinner - slik som t.d. Angelica ser sin prins: "Og Otto Kefas saa did, den hvide, smale haand pegte. Og Otto Kefas lo - deilig var Otto Kefas".<sup>18</sup>

Den aktive, kvinnelege sentralfiguren bryt også med dei tradisjonelle eventyrrollene som viktige personar i Jølsens verk synest å gå inn i. Ei slik rolle er prinsens - der vi bl.a. finn Ove Munk, Vilde Vaa, Daniel Falbe, Otto Kefas, "han" frå Sittgaarden i "Hanna Valmoen". Ikkje alle prinsane er sympatiske - dei kan vere demoniske som Ove Munk, eller engleaktige som Otto Kefas. I motsetnad til i eventyret er det ikkje bare prinsane som er aktive. Det er like mykje prinsessene som er "leitande heltar" hos Ragnhild Jølsen.



Nokre Jølsen-karakterar representerer ei anna even-tyrrolle - kongen, eller den eldre, trygge farsfiguren. Her kan Gerhard Winkel nemnast, og prokuratoren i Rikka Gan og Fernanda Mona. Det er eit vesentleg poeng at desse eldre farsfigurane ikkje bare står som represen- tantar for tradisjon og tryggleik, for det etablerte. Dei er også menn som kvinnene har eit erotisk prega forhold til, og til og med gifter seg med. Dessutan står ei rekkje andre personkonstellasjonar fram som erotisk ladde hos Ragnhild Jølsen - mellom bror og syster, far og dotter. Det finst altså eit incest-motiv hos Ragnhild Jølsen. Dette er utslag av interessa hennes for alle sider ved drifts- og kjærleikslivet, men har også saman- heng med at ho i så sterk grad skildrar lukka miljø.

Gjennom bruken av eit bestemt motiv skal vi til slutt sjå korleis Ragnhild Jølsen både skildrar erotikk og erotiske forhold, og byggjer på fantastisk folketradi- sjon - samstundes som ho undersøker grensene for den fantastiske, grensesprengjande opplevinga. Ormen er eit av gjennomgangsmotiva hos Ragnhild Jølsen. Vi finn det mange stader, m.a. i ei forteljing i Efterlatte Arbeider, "Ormen", skriven i 1906. Forteljinga åpnar realistisk - og fortel om ei ung jente som kjem over ein hoggorm og knuser hovudet på den med ein stein. Det er om natta - i draume - ho opplever det fantastiske. Da kjem ormen inn i stua og talar til henne, og framstiller seg som ei allestadverande, fantastisk makt; "Jeg kan kjekse dig fore, jeg kan vildre dig ind!"<sup>19</sup>

Vidare i forteljinga møter jenta ein konge som ho blir forelska i - etter at ho tre gonger har bite i rikseplet hans. Men den vakre kongen er også ormen! Her symboliserer ormen det vonde - slik den tradisjonelt har gjort både i folketru, religion og dikting - men også erotikk og drifter. Det er typisk at det er i draume ungjenta opplever møtet med ormen - når umedvitne kjen- sler i sinnet stig til overflata. Og det er i det umed- vitne at vondskap og synd blir kopla saman med erotisk lengt.

I Rikka Gan er også ormen eit sentralt motiv, og har det same tvitydige innhaldet av synd, vondskap og død - og av erotiske drifter. Rikka har ein amor og ein slange måla på skåpdøra si, og det er gjennom denne døra - som er ei løyndedør - ho går når ho skal til elskaren sin. Skildringa av ormen framstår også uvanleg dramatisk i romanen - der Rikka ser ormen i draume, eller i tranceaktig tilstand: "Og som hun saa, vokste der op fra dypet legemet av en redselsfull orm hvis finnedede buktninger høinet sig til slutt mellem himmel og jord. Den rørte sig dovent i den graatunge luft. Men vannene steg og bruste.." <sup>20</sup> Ormen får her ein slik dimensjon at den bokstavleg tala fyller heile tilværet. Det er sjølve Rikka Gans lagnad som trer fram i ormeskapnad - med skremmande og lokkande drag. Incestmotivet blir antyda i og med at ormen har brorens hoste. I denne skildringa samanfattar såleis Ragnhild Jølsen hovudpersonens liv og lagnad i eit bilete av fantasidyret ormen.

Det fantastiske i Ragnhild Jølsens dikting viser seg såleis på fleire vis. Forfattaren gjer bruk av stoff frå folketru og folkedikting i detaljar og motiv, slik at framstillinga får karakter og farge av det. Ho viser dessutan tilknytning til eventyret gjennom personskildring og skildring av tilhøvet mellom personar. Og ikkje minst blir det fantastiske brukt i samband med kvinneskildringane, for å uttrykkje lengt, erotikk, drifter - men også sorg, anger og død: stutt sagt lagnaden, den totale opplevinga av tilværet.

NOTAR

1. Ragnhild Jølsen: Efterlatte Arbeider, i utvalg ved  
Antonie Tiberg, s. 150  
Kra. 1908.
2. Alan Dundes: "On the Psychology of legend", i  
W.D. Hand (red.): American folk  
legend, s.24  
Berkeley 1971.
3. Hans E. Kinck: "Ved Ragnhild Jølsens død", sitert  
etter Samlede essays, s. 232  
Oslo 1982.
4. Tzvetan Todorov: The Fantastic, a structural approach  
to a litterary genre, s. 44 og 54  
New York 1975.
5. Antonie Tiberg: Ragnhild Jølsen i liv og diktning,  
s.61  
Kra. 1909.
6. Ragnhild Jølsen: Rikka Gan. Samlede skrifter I, s. 143  
Kra. 1923.
7. Sst. s. 162.
8. Hollases Krønike. Samlede skrifter II  
s. 145  
Kra. 1923.
9. Sst. s. 262.
10. Brukshistorier. Samlede skrifter I,  
s. 265  
Kra. 1923.
11. Hans E. Kinck: "Ved Ragnhild Jølsens død", s. 232  
Oslo, 1982.
12. Ragnhild Jølsen: Ve's mor. Samlede skrifter I, s. 45  
Kra. 1923.
13. Brev  
Universitetsbiblioteket, Oslo.
14. Fernanda Mona. Samlede skrifter II,  
s. 132  
Kra. 1923.
15. Sst. s. 82.

16. Brukshistorier. Samlede skrifter I,  
s. 269  
Kra. 1923.
17. Morgenavisen, 9.12. 1903.
18. Ragnhild Jølsen: Hollases Krønike. Samlede skrifter II,  
s.246.  
Kra. 1923.
19. Efterlatte Arbeider, s. 138  
Kra. 1908.
20. Rikka Gan. Samlede skrifter I.  
s. 173  
Kra. 1923.

Realisme eller romantikk, kontinuitet eller brot?  
-Ragnhild Jølsens Brukshistorier.

I nyare litteraturforsking har ein tendens vore å blåse støvet av gløynde og halvgløynde forfattarar - ikkje minst kvinnelege forfattarar. Til dei høyrer ikkje Ragnhild Jølsen (1875 - 1908), men mykje lesen er ho på ingen måte. Av bøkene hennes er bare Rikka Gan å få kjøpt. Særleg mykje er det heller ikkje skrive om dei fem verka ho rakk å gi ut. Det kan kanskje vere ein grunn til at ettertids-oppfatningane av henne som forfattar og kunstnar verkar så eintydige som dei gjer. Det er for det første semje om at ho trass i si korte levetid nådde langt - at ho var "en steil begavelse... en rik mulighet - en av de rikeste vi hadde", som Hans E. Kinck skreiv ved Ragnhild Jølsens død. Vidare har dei fleste i Ragnhild Jølsens verk funne nedslag av to tilsynelatande motstridande tendensar - og gjerne ført desse tilbake til ei kløyving i hennes eige sinn: på den eine sida draumen, lengten, "suget i hjertet", for å bruke Kincks ord - på den andre sida røyndommen, kvardagen. Dessutan blir det ofte peika på at Ragnhild Jølsen var ein såkalla overgangsdiktar - med den eine foten i nyromantikken og den andre i nyrealismen, og at ho i forfatterskapen sin var på veg frå romantikk til realisme. Verken etiketten overgangsdiktar eller heimstaddiktar som Ragnhild Jølsen også blir kalla, er særleg flatterande. Og dei kan dessutan skyggje for viktigare sider ved forfatterskapen.

Det er ved Brukshistorier (1907) hovudskiljet mellom romantikk og realisme i Ragnhild Jølsens forfatterskap er blitt sett. Her "bryter "nyrealismen" fram", skriv Edvard Beyer i innleiinga til "Hanna Valmoen" i Perler i prosa. Og Rolf N. Nettum konstaterer i ein artikkel i Edda, 1972 om "Romantikk og realisme i Ragnhild Jølsens forfatterskap" at Ragnhild Jølsen "er endt i realismen". Enda skarpere strekar Kari Christensen

under det ho ser som skiljet mellom Brukshistorier og dei andre verka: "De tre romanene og til dels Hollases Krønike skildrer en indre virkelighet, mens Brukshistorier gir en humoristisk og realistisk skildring av en ytre virkelighet. Brukshistorier er et lettforståelig verk, mens romanene med sine mangetydige symboler og bilder kan virke ugjennomtrengelige".<sup>1</sup> Willy Dahl legg derimot meir vekt på at Brukshistorier fortel om "mennesker som ennå hører gamletida til, om skjebnetro og mystikk i mekanikkens tidsalder", men held fast ved at Brukshistorier "står på en plass for seg selv i Jølsens forfatterskap".<sup>2</sup>

Sjølv trur eg ikkje desse vurderingane og særleg ikkje Kari Christensens er dekkjande verken for Brukshistorier spesielt eller for samanhengen i forfattarskapen. Her - som elles i forfattarskapen - framstiller Ragnhild Jølsen gammel tradisjon og overleverte truer og holdningar som ein viktig del av menneskelivet. Menneske og miljø blir såleis framstilte i eit historisk perspektiv. Dessutan legg Ragnhild Jølsen stor vekt på driftslivet hos menneska, på umedvitne krefter i sinnet. Desse kreftene kan sjåast som eit sidestykke til tradisjon og historie og blir delvis forklarte ut frå dei. Eg skal seinare kome attende til desse sidene ved Brukshistorier, men først noko meir om korleis boka vart motteken da den kom ut seinhaustes 1907.

Det meste av året hadde Ragnhild Jølsen levd i Italia. Brev hennes heim viser at ho hadde fleire bokprosjekt i tankane - ho nemner særskilt den planlagde nåtidsromanen Den røde høst og eit fireakters folkeskodespel. Først utpå hausten tok arbeidet med Brukshistorier til, men så gjekk det også snøgt unna. Den 10. oktober skriv ho til W. Nygaard og sender "en Del af Manuskriptet til min Høstbog. Det fremkommer senere end tænkt, og de to sidste Fortællinger mangler indtil videre, idet jeg for halvanden Maanedes Tid siden, besinded mig ang. de i Italien skrevne Ting - og derfor kom til at ta fat med no helt nyt..."<sup>3</sup> Ein

månad seinare sender ho resten: "Jeg skulde ha skrevet mer, men Tiden er jo blit for knap nu".<sup>4</sup>

Tidleg i desember kom boka i handelen og meldingane eit par vekers tid seinare. Jamt over rosar meldarane boka. I Morgenbladet blir det såleis streka under kor godt grep ho har på det verkelege - ho kan emnet og skriv presist og konkret. Meldaren poengterer skilnaden mellom denne og tidlegare Jølsen-bøker - i emne og språk - og har ikkje minst fest seg ved det han oppfattar som komisk: "Ved Læsningen af Ragnhild Jølsens nye Fortællinger maa En spørge: Mon ikke hun er den, som kunde skrive en norsk Folkekomedie?"<sup>5</sup> Også Aftenposten har mykje positivt å seie: "Sjelden har den betydelige Forfatterinde naaet saa højt. Der er Mands (!) Kraft og Lune i hendes Skildringer, der er Mands (!) Vilje og Haardhed i hendes naturalistiske Mystik..." Heilt nøgd med Brukshistorier er meldaren likevel ikkje, for Ragnhild Jølsen "mangler meget af den harmoniske og klare Aand, som gjør Forfatterinden af Gøsta Berlings Saga saa tiltrækkende for det store Publikum. Der er noget forrevet og forvitret over hendes Produktion..."<sup>6</sup>

Også i Dagbladet blir Brukshistorier jamført med Selma Lagerlöfs bok. Særleg skildringane av arbeidsfolk men også dialektbruken får ros. I ei lysing for Brukshistorier i Dagbladet den 17. desember blir det brukt rosande sitat frå bl.a. Gabriel Scott: "Efter mit skjøn er Ragnhild Jølsen forlængst vor første forfatterinde, og gud ved, at hun staar langt foran de fleste af vore forfattere!" Brukshistorier er, seier Scott, "en række korte, knappe historier, jeg har lyst til at si - ofte for knappe - men alle skrevet med et grotesk, saftigt lune, som vel for tiden er enestaaende i vor literatur".<sup>7</sup>

Signaturen C.N. (Carl Nærup) i Verdens Gang gjer eit hovudpoeng av det han ser som nytt og realistisk: "I denne Bog anslaar Forfatterinden en ny Stil og en ny mere realistisk og ligefrem Fortælleform. Sit eget Sprog har hun rensset for alle retoriske Ornamente, og



sine Personer lar hun tale et bredt og aabenmundet Østlandsk, som just ikke udmærker sig ved Ordenes Skjønhed eller Lydenes Velklang". Nærup gir elles nokre spark til målfolk og særleg til landsmålet - det er eit kunstig språk i motsetnad til språkbruken hos Ragnhild Jølsens menneske. Men likevel, seier han, "noget mærkverdigt ved dem (menneska) ellers er der ikke".<sup>8</sup>

I dei meldingane vi her har sett utdrag frå, finst det ein tendens til å streke under det meldarane ser som nytt i Brukshistorier: ein ny, realistisk skrivemåte, kombinert med ei realistisk og humoristisk livsholdning. Dette kjem særleg tydeleg fram i Carl Nærups melding. Vurderinga av Brukshistorier som noko for seg i Ragnhild Jølsens forfattarskap går såleis tilbake til dei første meldingane.

Ein grunn til at Brukshistorier har blitt vurdert på denne måten, har nok med litteraturhistorie-skriving og med periodisering å gjere. Nettopp året 1907, da Brukshistorier kom ut, har blitt kalla "et merkeår i norsk litteraturhistorie fordi så mange av den nye diktergenerasjon hadde sin debut eller sitt gjennombrudd i dette året". Den nye diktargenerasjonen blir gjerne sett på som meir vend mot livet enn den førre generasjonen - i alle fall meir enn nyromantikarane frå 1890-åra. Men det heiter også at "mange av dem (nyromantikarane) svingte etter 1900 over mot sosiale emner og realistisk form. De kjente behov for fornyelse".<sup>9</sup> I desse sitata ser vi korleis litteraturhistorikaren - som naturleg nok er på leit etter dei lange linjene og samanhengane - legg vekt på det som knyter diktarar i same generasjon saman. Ut frå ein teori om eit mønster i utviklinga vil han prøve å få alle bitane, dvs. forfattarar og forfattarskapar, til å falle på plass. Det er sjølv sagt heilt nødvendig i litteraturhistorie-skriving å arbeide ut frå teoriar om avgrensing, skilje og om oppdeling i periodar - men systemet kan bli for bastant til å fange opp dei ulike sidene ved litterær verksemd.

Eg er elles temmeleg sikker på at når Bruks-  
historier er blitt oppfatta som eit realistisk og  
humoristisk verk, kjem det av det vi kan kalle forvent-  
ningar ut frå genre og språk. Særleg tydeleg kjem  
lesarforventningane ut frå språkbruken fram i sitatet  
frå Carl Nærups melding:..."sine Personer lar hun tale  
et bredt og aabnemundet Østlandsk.." For mange signal-  
iserer dialektbruk latter og komikk, gjorde det vel  
enda meir før, ikkje minst når dialekten også er ein  
austlandsk flatbygdsosiolekt som her. Dessutan er  
menneska i Brukshistorier enkle og jordnære - dei er  
uopplyste i høve til lesarane, trur m.a. på overnatur-  
lege makter i tilværet. Dette kan også føre til at ein  
lesar ikkje riktig tar dei på alvor men vel å oppfatte  
dei komisk - jamvel om teksten eigentleg seier noko  
anna.

Til dette kjem at det i åra før og etter 1900  
faktisk vart gitt ut ei rekkje folkeleg-humoristiske  
bøker i ulike genrar, både på landsmål og riksmål - og  
gjerne med dialektpreg. Dette hadde bl.a. samanheng  
med ei breiare rekruttering til forfattarstandet.  
Fleire av Hans Aanruds forteljingar, og Per Sivles  
stubbar kan reknast hit, vidare skrønene til Hans  
Seland, Gabriel Scott, Martin Kvænnavika (pseudonym  
for Olaf Berg) og fleire andre. Ein romanforfattar som  
Olav Duun debuterte i 1907 med skrønesamlinga  
Løglege skruvar og anna folk, og det vart også skrive  
og gitt ut humoristiske amatørskodespel og diktsaml-  
ingar. Det fanst såleis ein humoristisk og realistisk-  
folkeleg litteratur i tida, mykje av den i form av  
forteljingar, stubbar, skrøner, historier. Denne  
litteraturen må ha skapt genreforvent ningar hos lesar-  
ane - forventningar i retning av det enkle, jordnære,  
komiske - og desse forventningane har eit stykke på  
veg styrt oppfatninga av Brukshistorier.

Brukshistorier er tilsynelatande laust komponert.  
Verket består av tolv forteljingar om menneske med  
tilknytning til same bygda, og bruket, dvs. fyrstikk-  
fabrikken som gir dei eit beskjedent levebrød. Dette

frie komposisjonsmønstret er ikkje særeige for Brukshistorier - vi finn det også i Hollases Krønike og i Rikka Gan. Hollases Krønike består såleis av fire hovuddelar, med kvart sitt motto, og med fleire handlingstrådar. Det ser ut til at denne frie skrivemåten, som også inneber ein allvitande og kommenterande forteljar, har høvd godt for Ragnhild Jølsen, sidan den pregar heile forfattarskapen. Krøniken er eigentleg ein genre som grensar opp til historie og segn. Den framstiller bl.a. hendingar etter kronologien utan forsøk på å vise indre samanheng eller utvikling. Men nettopp denne indre samanhengen vil sjølvstøtt ein moderne forfattar få fram - så likskapen med krønikegenren ligg helst i forteljarrolla og kanskje i bruk av alderdommelege stilfigurar.

Til det som bind dei tolv forteljingane saman, høyrer persongalleriet. Nokre personar opptre i fleire av forteljingane - bl.a. den synske Jens Vaktmand, fabrikk eigaren Helle Holm, lesarane Gren, Larsen og Paalsruden. Men det er bare i den første halvdelen av boka desse personane spelar noka rolle - jamvel om lesarane også dukkar opp seinare. Fire av dei første forteljingane har også ei nærmare tilknytning gjennom handlinga som gjeld brannen på bruket - det er "Bruket, vaktmanden og varslarne", "Brand", "Aandehjelp" og "Hevnerne". Det er også i dei første forteljingane at bruket har nokon sentral plass. Tilknytninga til det er bare indirekte i dei siste forteljingane, jamvel om bygdemiljøet er det same. Heilt dekkjande er såleis tittelen Brukshistorier i ein forstand ikkje - noko som kan ha samanheng med at boka vart til under så sterkt tidspress.

Når Brukshistorier likevel må seiast ikkje bare å vere ei uvanleg vellykka bok, men også å ha ein fast komposisjon - er det for di det finst andre trådar eller motiv som bind dei tolv forteljingane saman. Eit av gjennomgangsmotiva er, med visse atterhald, bruket sjølv, med brukseigaren Helle Holm - og ikkje minst brannen som svir bruket ned, og oppklaringa

seinare. Mange av forteljingane handlar også om religion, om predikantar og andre lesarar, og framstiller tilhøvet mellom lesarane og andre menneske. Bruks-historier har såleis eit religiøst motiv. Dessutan spelar tradisjon frå eldre tider, folketru i ei eller anna form stor rolle - overnaturlege makter opptrer i fleire av forteljingane og forklarar menneske og måten dei handlar på. Vi har altså å gjer med eit folketru-eller mytemotiv. Og endeleg har mange av forteljingane eit erotisk motiv - ofte kopla til eit eller fleire av dei andre hovud- og gjennomgangsmotiva.

Bruket blir framstilt i eit tvitydig lys. Dels representerer det framtida og framsteget - gir levebrød og arbeid til fattige husmannsfamiliar. Det meiner bruksherren sjølv, Helle Holm, som ser bruket som livsverket sitt. Arbeidarane vil også nødig unnvere bruket, og mange av dei fortvilar når brannen legg alt i grus. Men fabrikkjen står også fram som eit trugsmål mot menneska: "Og bruket hadde tre høie piper, hvorav det alltid røk - røken fra den ene pipe var skidden og djævelsk, fra den anden hvit som damp ifra myr, fra den tredje blaalig av fosfor og svovel. Men slig bruket hvinte og gnog, kunde godt bruket sees som en drage - og ild spydde det, menneskeliv tok det, og slam kastet det viden om".<sup>10</sup> Slik bruket her og mange andre stader blir framstilt, er det eit slags helvete. "Det er en dævel indi hvert evige hjul", tenkjer Jens Vaktmand ein stad.

Bruket lever sitt eige liv og det tar liv. Ingen kan kontrollere bruket - det er mektigare enn sjølv Helle Holm. I Brukshistorier kan ein sjå nettopp han som ein representant for økonomisk utvikling, sosial framgang og opplysning. Han ynskjer at tankane hans skal blir røyndom for folk i bygda, men lir nederlag. Ille er det nok at fabrikkjen brenn ned, men den kan trass alt byggjast opp att. Verre er det at fabrikkjen sjølv synest å vere ei makt som er sterkare enn mennesket. Sjølv symbolet på den nye tida, på "realismen", blir til det motsette: ein eldspyande drake som held menneska

i grepet sitt. Bruket blir såleis ikkje skildra som moderne fabrikk, som industriarbeidsplass og sentrum for nye idear. Det er eigentleg gamle, tradisjonelle tankar og kjensler folk har overfor bruket - ofte angstprega - dei set bruket på linje med demoniske makter som dei elles meiner å kjenne frå tilværet.

Det religiøse motivet i Brukshistorier spelar ei viktig rolle i fleire forteljingar - i "Brand", "Bønnens magt", "Aandehjælp", "Hevnerne", "Gjendøperne" og i "En don Juan". Her møter vi bl.a. lekpredikanten. Han blir konsekvent framstilt i farleg lys - som han nesten alltid har blitt det i litteraturen. Predikantane i Brukshistorier er karikaturar og skildringa av dei har lite med realisme å gjere. Dette ser vi tydeleg i "Brand" der predikanten Gustaf Gustafson frå Sarpsborg opptrer under brannen på bruket: "Han var kløvet op paa en sten, og slik han nu stod med utbredte armer og sprikende fingre talte han og talte, saa den fete stemme daanet bort undertiden og blev hæs og hviskende: "Brödrer og systrar, vänner i Kristo - huru Ni har burit Er åt, tränger jag inte alls att fråga, sedan Herran har vredgats så rysligt på Er...Därför är ock straffdomen kommen öfver Er som straffdomen den kom öfver Sodom och Gomorra Och nu på denna dag och med ögon vändt ut mot elden, som omöjligt brinner hetare i helvetes-afgrunderna, vill jag berätta Er något, vänner..." 11

Her - og i andre forteljingar - er det skremsel og fordømming lekpredikantane har å by folk. Dei skil seg også ut frå folk flest på andre måtar: dels gjennom ein fanatisk utsjånad, dels gjennom språk (svensk eller klokkardansk) - og ikkje minst gjennom svik og lureri. Det er eigentleg lesaren Paalsruden som har forårsaka brannen på bruket, men han prøver å kaste skulda på Helle Holm og hindre at assuransepengane blir utbetalte. Kva slag smotiv han har - bortsett frå trongen til å øydeleggje for andre - er det vanskeleg å sjå. Noko meir uskyldig er Grens forsøk på å omvende den enkle og jordnære Olai Kamrud. Ved å love Olai

Kamrud stilinga som dreiar, vil Gren presse han til å omvende seg. Men her tar brukseigar Helle Holm siste stikk, og Olai får dreiarstillinga av han.

Det er tydeleg at Holm og predikantane skal oppfattast som motpolar og som representantar for ulike verdier. Holm har eit faderleg ansvar for arbeidarane - han ser på dei som store barn - medan predikantane er ute etter makt og forfører menneske. I "Hevnerne" er forresten ein predikant ute for å forføre på eit meir bokstavleg plan, og madam Gren, som hører til dei frelste, er villig nok.

I "Bønnens magt" der Olai Kamrud blir dreiarmeister, og i "Hevnerne" er tonen i alle fall delvis humoristisk. Lesarane kjem da også til kort her - Holm og folks rettferdssans sigrar. Men alvorret blir større i dei to siste forteljingane - "Gjendøperne" og "En don Juan". "Gjendøperne" fortel om eit makabert lesarmøte i "Gunneshytten". Stemninga er dyster og uhyggeleg. Dei frammøtte kler til slutt av seg og let seg døype i haustregnet, medan predikanten glir mellom dei, lutrygga "knoklet og tynd som døden". Inne i hytta ligg den dødssjuke og sinnsforvirra Gunner skomakar og skjønar ingen ting. Likevel representerer han det vesle som finst av fornuft - han har i alle fall det vettet at han er redd.

Den siste forteljinga i Brukshistorier handlar om gamlingen Ola Bru. Som fleire andre blir han utsett for omvendingspress, og det er alle skremsel og trugsmål som fører til at han til slutt i desperasjon tar livet av seg. Ein episode i forteljinga handlar om gamlingen Ola Bru på friarføter. Men han er for gammal - og det er bare tragisk at han er den einaste som ikkje forstår det. Bare den åndsveike dottera til signekjerringa, ho kan ikkje ein gong snakke reint, vil følgje med han. I dei to siste forteljingane blir altså det religiøse motivet kopla direkte saman med døden - noko som ikkje kjem uventa etter framstillinga av predikantane tidlegare. Bare glimtvis fell eit komisk lys over predikantar og lesarar - og dei sigr-

TELEMARK DISTRIKTHØGSKOLE  
BIBLIOTEKET  
3800 BØ I TELEMARK



ane Helle Holm og folks sunne dømmekraft får, er kortvarige.

Ulike former for folketru betyr mykje i Bruks-historier, og har jamvel sett merke i titlar som "Bruket, vaktmanden og varslerne" og "Aandehjelp". Ein av dei som har eit nært, og nesten personleg forhold til maktene eller "aanderne" som det heiter, er Jens Vaktmand. Han er synsk og kan sjå ulykker før dei skjer - særleg på bruket der han har hatt arbeidet sitt: "Jens Vaktmand fornam gjennom aanderne ulykke i dens vorden. Fordi hans øine havde vænnet sig til mørket, saa de, hvad der var skjult for andre".<sup>12</sup> Vi høyrer også om nissar og underjordiske i forteljinga "Mørkerød", og både i "Hanna Valmoen" og "Bare en liten stein" grip det uforklarlege inn.

For mange av dei enkle menneska i Brukshistorier står dei overnaturlige maktene som ein realitet. Maktene finst og er noko ein må rekne med. Men samstundes kjem stemningar, aningar og ikkje minst vonde og lagnadstunge varsel om framtida til uttrykk gjennom maktene. I forteljingane om den gamle einstøyingen Jens Vaktmand er maktene materialiserte - og kan identifiserast som tradisjonelle nissar eller tunkallar. I "Hanna Valmoen" og "Bare en liten stein" opptre det rett nok ikkje konkrete makter, men uforklarlege hendingar skjer likevel. I "Bare en liten stein" får Jørgen Braaten varsel om at han skal døy - eit mine-skott går da også av ein morgon og han høyrer ikkje varskuropet. Bruket - den eldspyande draken - har slukt han. I "Hanna Valmoen" spelar ein overklasseforfører bergekongens rolle og maktstel husmannsjenta Hanna Valmoen. Når han fløyttar på henne, må ho gå frå alt og bare følgje han - jamvel om ho veit det er gale og uklokt: "Du faar ette væra sinna, det hjælper ette - je maa gaa je, mor". Folketrumotivet blir såleis - direkte eller kamuflert - brukt for å få fram umedvitne kjensler og i det heile samanhengar i tilværet som ei strengt realistisk framstilling ikkje ville makte.



På ein suveren måte utformar Ragnhild Jølsen folketrumotivet i den uhyggelege forteljinga "Mørkerød". Gamlingane Tøger Krona, Jens Vaktmand og Amerikafararen Jack Petum spelar kort ein mørk kveld, og dei fortel historier både om overnaturlege makter dei har møtt, om djevelen og om "jentane i Hannover". Ei ung jente er også til stades - og i den siste delen av forteljinga opplever vi hendingane frå hennes synsstad. Ho skal følgje med Tøger Krona heim i mørkret, men synest at både dei underjordiske og djevelen nappar etter henne og vil ta henne. Redsla ho opplever, er velgrunna nok - men ikkje slik ho trudde. Det viser seg at det er Tøger Krona som er ute etter henne - truleg inspirert av forteljingane han har høyrte tidlegare på kvelden. For jenta går overnaturlege makter, djevelen og gamlingen Tøger i eitt under det valdtektsforksøket som forteljinga sluttar med: "Tøger svarte ikke. Hun kom til at se paa ham - det hvite skjegget lyste i mørket, og øinene glinste - nøkken - nøkken! Jentungen skrek et høst skrik og satte i sprang ind mellem buskene. Der faldt hun og blev liggende som livløs av rædsel".<sup>13</sup>

"Nei, å flyge i aasen det høller vi os for goe tel, lell", seier det sindige paret Marja og Jørgen i "Bare en liten stein". Det å flyge i-åsen/gå i åsen står i Brukshistorier på linje med erotisk lauslivnad - i alle fall noko nær det. Åsen er den staden jenter og gutar parvis trekkjer seg tilbake til når dei vil vere aleine. Også møta mellom Hanna Valmoen og overklassekjarasten hennes foregår der - i det heile er naturen scene og ramme for kjærastmøte og erotisk utfolding. I dei tolv forteljingane i Brukshistorier varierer Ragnhild Jølsen det erotiske motivet og lar det spele seg ut på ulike måtar. Vi ser det frå forskjellige synsvinklar, meir eller mindre alvorsprega og med ulike slags personar i hovudrollene.

På eitt plan møter vi resultata av erotisk utfolding i form av ugifte mødrer og uekte barn. Den frittallande Olai Kamrud vitnar på eit vekkingmøte "at

Karrines - Gundas - og Kjeiseruas unger, alle vedkommendes den natta som atte festen var, er jagu je mester for", og etter reaksjonane er det ingen grunn til å tvile på det han seier. I forteljinga om Karoline Sandhytten, "Den tolvte i stua", ser vi hendingane frå ei jentes side. I den vesle husmannsstova lever far, mor og ni barn. Så ei natt føder den eldste jenta, Karoline, eit barn - utan at nokon andre og knapt ho sjølv - er førebudd og veit kva som skjer. Men foreldra til Karoline tar hendinga fint, så barnet blir ynskt velkome og blir den tolvte i stua.

Når Ragnhild Jølsen brukar uttrykket "menneskehiet" og Sandhytten - er det nok for å seie noko om plass-tilhøva. Her er det så fullt at folk ligg tett i tett som dyr i eit hi. Men dyremetaforen kan også naturleg knytast til det erotiske motivet. Menneske som Olai Kamrud og Karoline Sandhytten er i sine drifters vald og parar seg meir eller mindre som dyr. Dei er ikkje sjølv medvitne om dei erotiske driftene, men treng vegleiing og råd - slik det også skjer når Helle Holm set Olai på rett spor og ber han gifte seg med den eine av kjærastane sine og halde seg til henne for framtida.

Det erotiske motivet i Brukshistorier kjem mykje til uttrykk gjennom lokking og forføring. Vi har alt sett korleis "Mørkerød" endar med eit valdtektsforsøk. I den "Kinckske" "Felelaaten i engen" blir det fortalt om spelemannen Hans Krømmer som lokkar jentene til seg - ei og ei. Han vil ikkje spele til dans, men brukar fela og feletonane som lokkemiddel. Dei to første laurdagskveldane lykkast han i det, men den tredje kvelden - når folk trur det er dauingar og huldrer som dansar - blir spelemannen til slutt avslørt. I denne forteljinga er det erotiske motivet særleg sterkt knytt til naturen, til felemusikk i trolske sommar-netter, med sterke angar og uvante lydar og fargar. Folk veit til slutt ikkje kva dei ser eller ikkje ser, og overnaturlige makter blandar seg i dans og spel.

I "Felelaaten i engen" blir folk - og særleg jenter

- dregne mot spelemannsstova som med magnet. Enda sterkare kjem den erotiske lengten og draginga fram i "Hanna Valmoen". Hanna Valmoen er medviten om den erotiske lengten ho kjenner i seg - og vi møter henne etter at ho har vore gjennom erotiske opplevingar og lært både av dei og av andre sider ved livet. Derfor har ho motførestellingar mot å la seg lokke av den unge overklasse mannen, og prøver å mobilisere motkrefter. Men det er til ingen nytte. Han dansar henne bokstavelig tala til seg på ein fest, og Hanna tåler ikkje den dansen, som det heiter. Hos Hanna Valmoen er det nok både ei husmannsjentes overklassebeundring og tankane om sosial oppdrift som gjer seg gjeldande. Men først og fremst er det lengten mot den erotiske opplevinga i seg sjølv som betyr noko - utan omsyn til følgjane. Derfor kan Hanna Valmoen bruke uttrykket å drukne og å bli drukna med tanke på den erotiske opplevinga - så sterke er kjenslene hennes. Gjennom graden av medvit om eigne kjensler er nok Hanna Valmoen den av kvinnene i Brukshistorier som mest minner om kvinner i tidlegare Jølsen-bøker: Paula Heiss i Ve's mor, Rikka Gan i romanen med same namn og Angelica i Hollases Krønike.

Brukshistorier handlar i stor grad om korleis krefter av forskjellige slag - overnaturlige makter, religiøs skremsel, erotiske drifter - verkar på menneske kring bruket. Det er eit hovudpoeng at menneska ofte ikkje er klar over kva slags krefter som verkar på dei og at dei er i desse kreftenes vald. Særleg dei religiøse kreftene blir framstilte negativt, men også erotikk og overtru kjem mange gonger i eit dårleg lys. Men her er likevel budskapet meir tvitydig. Det kjem dels av kommentarane til forteljaren og heile tendensen i framstillinga, men også av at Helle Holms rolle ikkje er den same i dei forskjellige forteljingane. Reint allment står Helle Holm i dette bygdesamfunnet for slike verdiar som opplysning, fornuft, økonomisk og sosial framgang og utvikling - og på det personlege planet sjølvkontroll og høgverdig moralsk framferd.

Men i dei fleste forteljingane spelar Holm ei helt perifer rolle eller er ikkje med i det heile. Han kan derfor ikkje bli noka verkeleg motvekt til krefter og drifter - og i striden mellom drifter, krefter eller natur på den eine sida, og fornuft, kultur på den andre sida, går naturen av med sigeren.

Når Brukshistorier ikkje bør lesast som ei samling moraliserande noveller med brodd mot overtru og erotikk, er det bl.a. for di folketru og erotikk i fleire forteljingar blir skildra som noko verdifullt og i alle fall slett ikkje eintydig negativt. I "En don Juan" blir dei erotiske driftene hos gamlingen Ola Bru kopla saman med livsglede og livslyst - og står i motsetnad til skremselspropagandaen som sonekona og andre lesarar driv han i døden med. Olai Kamrud får nok sine formaningar av Holm, og Karoline Sandhytten ligg bokstavleg tala som ho har reidd - men det blir ikkje felt harde domar over nokon av dei. Det blir det heller ikkje over dei som trur på huldre og dauingar eller let seg danse på villgras i sommarnettene. Men det er eit viktig poeng at det ofte knyter seg liding til det erotiske motivet: grotesk og grufullt for jentungen i "Mørkerød", sårt og fortvila for Hanna i "Hanna Valmoen".

Nokre har sett det komiske som sentralt i Brukshistorier. Og det er så at det finst komikk - eller rettare sagt - komiske episodar i nokre av forteljingane. Likevel talar både samanhengen i den einskilde forteljinga og mellom dei tolv forteljingane mot å lese Brukshistorier som eit komisk verk. Ikkje minst verkar forteljarkommentarane til å skape ei meir alvorleg stemning - til og med i "Bønnens magt", som i og for seg endar godt. Det vil seie: episoden med Olai Kamrud og problema hans i samband med stilling og giftarmål får ein god slutt - men i den større samanhengen tel ikkje dette stort. Slik ser forteljaren menneska med eit samla overblikk: "Taaken laa tæt om menneskenes pande og om deres sind, knuget dem til jorden, hvorfra den kom, og gjennom taaken skimret

lyset fra Guri Kvænkæls hytte rødt som et betændt og verkende øie. - - "14

Realisme er mangetydig - eit vidt samlebegrep for ulike tendensar og retningar som står i eit eller anna forhold til mennesket og verda. Men etter mitt syn kan ikkje Brukshistorier utan vidare kallast verken realistisk eller nyrealistisk. Det er t.d. ikkje i boka noko vesentleg poeng å framstille den røyndommen folk lever i, skildre gjennomsnittskvardagen med arbeid i fabrikk og på husmannsplassar. Kva veit lesaren eigentleg om tilhøva på fyrstikkfabrikken og på plassane etter at boka er lesen? Svært lite. Derimot veit han at det skal vere djevlar i hjula og at nissane huserer om natta og hjelper Jens Vaktmand med å halde orden.

Her er heller ikkje lett å sjå nokon sosial tendens - jamvel om tilhøva ligg vel til rette - for miljøet er prega av store motsetningar: sosialt, økonomisk og kulturelt. Det er bare ikkje dette Brukshistorier handlar om. Boka avdekkjer dei indre samanhengane som bestemmer innhaldet i folks liv: det dei har av religiøse førestellingar, av historie, av truer, holdningar og drifter og viser korleis desse grip inn i livssituasjonen.

Ragnhild Jølsen plasserer nok menneska sine i eit realistisk miljø, i ei ramme - men dette miljøet blir ikkje skildra for sin eigen del. Dei sparsame glimta vi får, er bare med for di dei er nødvendige for handlinga - og elles blir miljøet og særleg naturen ofte besjela og fylt av makter.

Det er såleis grunn til å streke under kontinuiteten mellom dei tidlegare verka til Ragnhild Jølsen og Brukshistorier meir enn skilnaden. Vektlegginga av stemningar, kjensleliv og driftsliv tilseier det. Folk har feste i gammal folketru, tradisjon og historie, i trua på makter i tilværet, på lagnaden - slik vi kjenner det frå Hollases Krønike og Rikka Gan. Som desse verka er Brukshistorier vend mot fortida. Kvinneperspektivet kjem tydeleg fram også i Brukshistorier, kanskje klarast i "Hanna Valmoen", men også i

"Mørkerød" og "Den tolvte i stua". Den patriarkalske farsfiguren Helle Holm minner om tilsvarande personar andre stader - Gerhard Winkel i Ve's mor eller prokuroren i Rikka Gan og Fernanda Mona. Den både tiltrekkjande og fråstøytande kvinneforføraren har sin plass - både i kondisjonert og meir folkeleg utgåve.

Brukshistorier handlar likevel meir om vanlege folk: husmenn, tenarar, arbeidsfolk - enn dei andre bøkene gjer. Og dialektbruken er langt meir gjennomført. Dette kan sjåast som ein realistisk tendens. Men noko heilt nytt er det heller ikkje tale om på desse punkta. Helle Holm høyrer til dei kondisjonerte og i periferien finst det andre "fine" byfolk og folk frå "Sittgaarden". Og dialektbruk gir Ragnhild Jølsen fleire døme på i tidlegare bøker også, som her: "Sikkert det er pent naa, frua. Tænke sig for lidt siden - svart var jora, svart var veiret, og svart var menneskehugen. -Hau! -Men naa soler jagu ormen sig i bakkebraaten, og rører en i en maurtue, sender de sligt et spiit tilveirs, at en rat kan nyse. Nei, naa fins inte det levendes kryp, hvori sevjen inte render baade tjok og klissen - Vorherre til pris, jora til formerelse".<sup>15</sup>

Dialektbruken er ein del av Ragnhild Jølsens språklege realisme. Men denne språkrealismen har ikkje nødvendigvis føresetnaden sin i samtida. Den er med på å setje Brukshistorier inn i ein eldre litterær og litteraturhistorisk samanheng: Brukshistorier er folkelivsskildring. Det er nærliggjande å nemne Asbjørnsens Norske Huldreeventyr og Folkesagn som eit av førebileta, med sin språklege realisme, med folkelivsskildringane sine og med rammeforteljingar om kommentarar frå ein allvitande forteljar. Ragnhild Jølsen samla også sjølv eventyr, segner og anna tradisjonsstoff - og noko av dette er med og set preg på Bruskhistorier. Ragnhild Jølsens biograf, Antonie Tiberg fortel elles at Asbjørnsens eventyr- og segnsamlingar høyrde til dei bøkene ho tykte best om og las mest i, og forutan Asbjørnsen heller den eldre litteraturen enn den yngre: "Det var de gamle bøker hjemme paa Eikeberg hun elsket,

de som hadde hørt slegten til i generationer, dem som de gamle eiere av gaarden hadde bladet i, kanskje ogsaa skrevet i margen paa. En gammel bibel, gamle salmebøker, lovbøker - med dem kunde hun sitte timevis".<sup>16</sup>

Ei nærmere undersøking ville truleg vise likskap på fleire punkt mellom Asbjørnsens huldreeventyr og Ragnhild Jølsens Brukshistorier - men det ville sprengje ramma for denne artikkelen å gå vidare inn på det.



NOTAR

1. Kari Christensen: "Det kvinnelige livsmønster i Ragnhild Jølsens Rikka Gan", NLÅ, 1983.
2. Willy Dahl: Norges litteratur II. Tid og tekst 1884 - 1935, s. 224 Oslo, 1984.
3. Brev frå Ragnhild Jølsen til W. Nygaard, Enebakk 10. okt. 1907. UB, Oslo.
4. Brev frå Ragnhild Jølsen til W. Nygaard, Enebakk 12. nov. 1907. UB, Oslo.
5. Morgenbladet, 14. des. 1907.
6. Aftenposten, 15. des. 1907.
7. Dagbladet, 17. des. 1907.
8. Verdens Gang, 2. jan. 1908.
9. Per Amdam: "En ny realisme. Historie og samtid", i Norges litteraturhistorie 4, s. 304 og 316 Oslo, 1975.
10. Ragnhild Jølsen: Brukshistorier, Samlede skrifter I, s. 203 Kra. 1923.
11. Sst. s. 221.
12. Sst. s. 206 og 207.
13. Sst. s. 265.
14. Sst. s. 240.
15. Ragnhild Jølsen: Ve's mor, Samlede skrifter I, s. 8 og 9. Kra. 1923.
16. Antonie Tiberg: Ragnhild Jølsen i liv og digtning, s. 52 og 53 Kra. 1909.